

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 21.03.2023

**Vår ref.:** 202016892-12 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Sakshandsamar

George Nicholas Nelson

genn@nve.no

## Høyring av revisjonsdokument for reguleringar i Mauranger- vassdraga, Kvinnherad og Ullensvang kommunar

NVE sender med dette revisjonsdokument for reguleringar i Maurangervassdraga på offentlig høyring.

NVE har i brev av 25.04.2022 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- Kgl.res. av 18.07.1969 - Statsregulering av Maurangervassdragene m.v.
- Kgl.res. av 01.07.2005 - Overføring av Kvangrevatnet og Markkjelkevatnet for utnyttelse i Jukla og Mauranger kraftverker
- Kgl.res. av 30.03.2012 - Overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak av 5 bekker i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane

På bakgrunn av krav frå Kvinnherad og Ullensvang kommunar og føringar frå NVE har Statkraft Energi utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette beskriv mellom anna reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentlig høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside for saka: [www.nve.no/8591/V](http://www.nve.no/8591/V). Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på [www.nve.no/revisjon](http://www.nve.no/revisjon). Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Rita Berthelsen Johnsen, tlf. 47 64 71 40 eller e-post: [RitaBerthelsen.Johnsen@statkraft.com](mailto:RitaBerthelsen.Johnsen@statkraft.com).

Vi ber Kvinnherad og Ullensaker kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider og leggje to eksemplar av revisjonsdokumentet til offentlig gjennomsyn i høvesvis Rådhuset og Innbyggjerservice fram til **1. juli 2023**. Det eine eksemplaret av revisjonsdokumentet kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Papirversjonar av revisjonsdokumentet blir ettersendt til kommunane.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på saka si internettside: [www.nve.no/8591/V](http://www.nve.no/8591/V).



- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 202016892 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

**Fristen for å sende fråsegn er 1. juli 2023.**

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på [www.nve.no/8591/V](http://www.nve.no/8591/V).

Statkraft Energi sin søknad om bygging av Mauranger 2 kraftverk blir saksbehandla parallelt med denne revisjonssaka. I samband med saksbehandlinga vil NVE arrangere ei felles synfaring.

NVE ønskjer tilbakemelding om man meiner at viktige parter er utelatne frå lista over mottakarar av dette brevet.

Med hilsen

Ingrid Haug  
seniorrådgivar

George Nicholas Nelson  
senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Vedlegg:**

Informasjonsark om vilkårsrevisjon  
Kunngjering

**Mottakarliste:**

Havforskningsinstituttet  
STIFTELSEN NORGES GEOTEKNISKE INSTITUTT  
STATENS VEGVESEN  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norges Bondelag  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
KVINNHERAD KOMMUNE  
STATNETT SF  
MILJØDIREKTORATET



BKK AS  
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold  
WWF Norge AS  
Fiskeridirektoratet  
KVINNHERAD TURLAG  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND  
NATURVERNFORBUNDET KVINNHERAD  
Friluftsrådet Vest  
Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag  
Fortidsminneforeningen i Hordaland  
Norsk Grotteforbund  
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland  
Norsk Friluftsliv  
Naturvernforbundet  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Merete Farstad  
ULLENSVANG KOMMUNE  
Bergens Sjøfartsmuseum

**Kopimottakarliste:**

RIKSANTIKVAREN  
Olje- og energidepartementet  
STATKRAFT ENERGI AS